



Inger Naterstad og Bente Rusten syner fram litt av alt Hufliidslaget hadde med på sin stand.

Fritidsmessa starta i si tid i Husnshallen, men flytta så over til Kulturhuset Husnes og område rundt. I år var Uskedalen representert med lag med leiarar og aktive medlemmer frå bygda, slik som Kvinnherad Husflidslag, Kvinnherad Mållag, Kvinnherad Lions og ikkje minst akjsonsgruppa Nei til vindmøller i Kvinnherad.

På Fritidsmessa vert lag og organisasjonar inviterte til profilering, syna seg fram med sine aktivitetar og verva medlemmer. I det fine veret var det godt frammøte både ute og inne.

Kvinnherad Husflidslag har over 30 medlemmer. Inger Naterstad frå Uskedalen har vore leiar dei siste fem åra. Husflidslaget har møte- og kurslokale i Roklubben sitt bygg ved Opsongersvatnet. Her har dei møtekvelder 2. kvar veke. Juleverkstaden er eit fast innslag i haustprogrammet.



Aksjonsgruppa Nei til vindmøller i Kvinnherad sviktar ikkje, her med duoen Annemor Ekeland og Astrid Døssland.

Ung Husflid er ei nysatsing der ein vil leggja til rette for aktivitetar for born og ungdom. Innføring og kursing i lappeteknikk og saum er også eit tilbod.

Kvinnherad Mållag har på mange måtar basen sin i Uskedalen med faste styremøte og årsmøte. Det var mange innom mållaget sin stand, mellom dei var den nye ordføreren i Kvinnherad. Han vart særleg minna på den kommunale målbruksplanen og arbeidet med å etterleva vedtaket om bruken av nynorsk i alt skriftleg tilfang.

Det er eit år til neste Fritidsmesse. Sentrale lag og organisasjonar i Uskedalen må vera på plass med sine aktivitetar og prosjekt.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal



Kvinnherad mållag ved Arne Torget og Kristian Bringedal stod mellom anna fram med dikt og trekkspletonar.

